

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 29. august 2018

Stad: seminarrom 400 i HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Laura S. Miles (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedicte M. Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Shang Guowen (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Jon Askeland (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: Wassim Rustom

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Anders Olderkjær Samland og Stine Haugland.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 13. juni 2018

Referatet ligg på <https://www.uib.no/fremmedsprak/22347/referat-frå-instituttrådet>. Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om status for tilsetjing i faste stillingar, postdoktor- og stipendiatstillingar.
- B) Instituttleiar orienterte om sakene til fakultetsstyret 4. september 2018, m.a. framlegget om å opna for eksamenskommissjonar med berre éin sensor.
- C) Instituttleiar orienterte om arbeidet med budsjettet ved HF vidare framover. Planen er at institutta skal få tildelingsbrev 19. desember. Bemanningsplanen om engelsk, japansk og digital kultur. Kan òg koma ei stilling i kinesisk. mm
- D) Den toårige nordiske kinesiskkonferanse (NACS) vert arrangert i Bergen i juni 2019

Sak 4 – Orientering om instituttøkonomien så langt i 2018

Instituttrådet vart orientert om instituttøkonomien så langt i år og utsiktene for siste kvartal. IF ser ut til å få eit overskot, og instituttleiinga ønskjer ei drøfting av utlysing av midlar og andre tiltak hausten 2018.

Uthaug anslo at instituttet kunne koma ut med i overkant av 800 000 i pluss på driftsbudsjettet (annuum). Av dette vil vi få lov å overføra om lag 250 000 til neste år, og resten av overskotet blir trekt inn av fakultetet. Inntektene frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) er større enn venta.

Instituttleiar trekte fram at instituttet kan bruka meir pengar no i siste delen av 2018 til konferansar og forskingsfremål, berbare datamaskiner, bruk av eksterne sensor og eventuelt to eksterne i nokre fag og disiplinar. Fagseminar kan òg vera aktuelle.

Lunde spurte om det fanst strategiske måtar instituttet kunne byggja kompetanse og vidareutvikla ideen om eit Senter for framifrå undervisning (SFU), og vart støtta av Polster.

Uthaug trekte fram at instituttet kan vera rausare til neste år med å bruka vikarar til å avlasta undervisningsoverskot. Instituttleiar bruka vikarar for å kompensera verva som forskingskoordinator og undervisningskoordinator i 2019.

Sak 5 – Utlysing av to nye stipendiatstillingar

Instituttleder orienterte om utlysninga av to (eventuelt tre) nye stipendiatstillingar. Råde vart spurt om synspunkt på om stillingane bør vera opne eller knytte til strategiske område, og om ei av dei bør vera ei postdoktorstilling.

Det vart poengtert at instituttet ved nokre høve har opplevd å få temmeleg få søkjarar når ein har lyst ut øyremerkte stillingar. Ei problemstilling som kan dukke opp ved heilt opne søknader, er at nokre miljø er gode på å rekruttera inn sine studentar, slik at ein kan få mange stipendiatar rundt ein rettleiar eller eit miljø. Eit alternativ vil vera å lysa ut opne stillingar, men seia at nokre fagområde ikkje er prioriterte.

Gjerstad argumenterte for å prioritera ei postdoktor-stilling. IF har mange gode miljø som ein postdoktor kan vera med på å utvikla vidare, og karrierevegane for dei tidlegare stipendiatane våre er òg eit poeng. Lunde var einig med Gjerstad i at ei av stillingane bør lysast ut som postdoktor. Elles var ho tilhengjar av å ha opne stipendiatstillingar ettersom kvalitet skal vera det viktigaste prinsippet. På same tid såg ho at det òg kan vera andre omsyn å ta. Ein bør jobba for å få ut stillingsutlysingane på en god måte slik at det kjem mange og gode søkjarar

Instituttleiar tek med innspela frå rådet i det vidare arbeidet med utlysingane.

Sak 6 – Ymse

Instituttleiar minna om semesteropninga på Sjøfartsmuseet.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef
(Anna Polster var referent under sak 5 og 6)